

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 31.05.2018

Synnøve Solbakken, A, sette på vegner av A, Frp, H, Sp og V fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 4

Flyruta Stord- Oslo- Stord skal inn som ei FOT-rute, (Forplikingar til offentleg Tenesteyting) frå 01.04.2020.»

Pål Kårbø, KrF, stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Stord Lufthavn. Kårbø gjekk frå og Roald Kvamme, A, leidde møtet medan spørsmålet om Kårbø var inhabil vart drøfta. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Pål Kårbø var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Pål Kårbø gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Roald Kvamme leidde møtet.

Tom Sverre Tomren, MDG, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 2

Hordaland fylkeskommune ser at bortfall av ruta Førde-Bergen kan medføre ulempe for den interne kommunikasjonen i det nye vestlandsfylket, men meiner at dette kan kompenseres med auking i miljøvennlig ruteproduksjon på land og til sjøs.»

Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 2 vart vedteken med 12 røyster (A/Sp/V/Frp/H) mot 2 røyster (MDG/SV) for Tomren sitt forslag.

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken.

Solbakken sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (MDG/SV).

Vedtak

1. Etablering av Vestland fylkeskommune vil auke betydinga av sambanda mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, og kan føre til auka etterspurnad ut over det som er rekna ut i rapporten. Dette bør takast omsyn til i kapasitetsutrekningane. Dette er ein faktor som ikkje er omtala i rapporten.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at det vil vere uheldig om ruta Førde-Bergen vert teke ut av FOT-ordninga. Det vil føre til svekka intern kommunikasjon i nye Vestland fylkeskommune.
3. Hordaland fylkeskommune støtter elles meir fleksible krav til ruteføring, frekvens og flystorleik. Dette kan gje ei betre tilpassing mellom behova i regionen og kapasitet, samt lågare kostnader for ordninga.
4. Flyruta Stord- Oslo- Stord skal inn som ei FOT-rute, (Forplikingar til offentleg Tenesteyting) frå 01.04.2020.